



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandler, innvalgstelefon

Harald Klæbo, 61 26 60 56

Melding om oppstart av verneplanprosess - utvidelse av Jotunheimen nasjonalpark

Statsforvaltarane i Innlandet og Vestland melder med dette oppstart av verneprosess etter naturmangfoldlova (NML) § 42 og forvaltningslova kapittel VII for utviding av Jotunheimen nasjonalpark og endring av verneform for delar av Utladalen landskapsvernområde til nasjonalpark.

Oppstartsmeldinga blir sendt til aktuelle kommunar og høyringspartar. Alle som verneforslaget vedkjem og andre med interesser i områda, blir oppmoda til å kome med innspel til oppstartsmeldinga og utgreiingsprogrammet.

Verneplanforslaget er ein del av Miljødirektoratet sitt oppdrag til Statsforvaltarane på «Bevaring av verdifull natur – nasjonalpark». Utviding av Jotunheimen nasjonalpark vart spelt inn med bakgrunn i målet om å gjere eksisterande verneområde meir robuste.

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta i 1980 og utgjer eit areal på høvesvis 1151 km² og 314 km². Nasjonalparken omfattar areal i Vågå, Lom, og Vang i Innlandet fylke og Årdal og Luster kommunar i Vestland fylke. Landskapsvernområdet har areal i Årdal og Luster kommunar. Verneforskriftene for dei to verneområda vart sist revidert i 2014, med eit mindre tillegg i 2020.

Aktuelle utvidingsareal i Jotunheimen

Dei fire kommunane Vågå, Øystre Slidre, Årdal og Luster i Innlandet og Vestland fylker har gjeve aksept for at det blir satt i gang verneplanprosess for nærare fastsette areal rundt Jotunheimen. Foreslått endring av verneformål frå landskapsvernområde til nasjonalpark er i Årdal og Luster kommune (sjå tabell 1).

Størsteparten av areala ligg på statsgrunn. I Øystre Slidre er heile arealet ein del av Øystre Slidre statsallmenning, i Vågå er arealet ein del av Langmorkje statsallmenning. I Luster er deler av området statsallmenning, medan andre delar av området er privat eigd. Ein liten del av området, på Berdalsbandet og i Helgedalen, er ikkje matrikkelført. I Årdal er delar av området er statsallmenning, delar av området er privat eigd, og delar av området er ikkje matrikkelført.



Tabell 1. Areal i km² som denne verneplanen omfattar som nytt verneareal og endring av verneformål frå landskapsvernområde (LVO) til nasjonalpark (NP).

Kommune	Forslag til nytt verneareal i km ²	Endring frå LVO til NP i km ²	Totalt areal – nytt vern og endring av verneformål
Vågå	92		92
Øystre Slidre	46		46
Luster	24	17	41
Årdal	54	91	145
Totalt	216	108	324

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen landskapsvernområde er i dag forvaltningsmyndigheit for verneområda. I styret er alle kommunar med verneareal representerte og vil få forvaltningsmyndigheit for dei aktuelle utvidingsområda om det skulle bli eit vern her. Om forslaget om vern i Øystre Slidre kommune blir gjennomført, blir kommunen representert i nasjonalparkstyret.

Om utgreiingsprogrammet - konsekvensutgreiing

Vedlagt følger vårt forslag til utgreiingsprogram. Vi ber om innspel på dette. Programmet skal vise korleis vi vil kartlegge verneverdiar og bruksinteresser, samt svare ut kva for konsekvensar eit vern vil ha på ulike interesser. Av utgreiingsprogrammet går det og fram når det er mogleg å koma med innspel i prosessen.

Erstatning som følgje av vernevedtak

Som det går fram av kapittel 4 i vedlagte utgreiingsprogram, styres erstatning som følgje av eit vernevedtak av naturmangfaldlovas § 50. Grunneigar eller rettshavar har rett til erstatning frå staten for økonomisk tap når eit vern vanskeleggjer igangverande bruk. Som igangverande bruk reknast den bruken som går føre seg på vernetidspunktet. Sørøstlege delar av utgreiingsområde Hindflya i Vågå omfattar skog. Skogbruk blir sett på som igangverande verksemd uansett aktivitetsnivå på vernetidspunktet, og vil difor utløyse erstatning. Det er noko fjellbjørkeskog i delområde Leirungsdalen i Vågå, i dei resterande utgreiingsområda er det ikkje inkludert område med skog.

Sakshandsaming

Proessen skal følgje sakshandsamingsreglene i naturmangfaldlova §§ 41- 43, og Klima- og miljødepartementet har utarbeida eit eige rundskriv (Rundskriv T-2/15) om sakshandsamingsregler ved områdevern. Rundskrivet finn de her: [Sakshandsamingsregler ved områdevern etter naturmangfoldlova \(§§ 41 - 43\) - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-t-2-15-om-sakshandsamingsregler-ved-omradevern/id2548884/)

Kart og oppstartsmelding

Digitalt kart over utvidelsesområdet vil i løpet av kort tid bli tilgjengelig under kartlaget «Foreslåtte naturvernområde» i Naturbase. Oppstartsmeldinga er også tilgjengeleg på heimesidene våre under «Høyninger», og under «nyhetar».



Rettsverknad av at verneplanprosessen er igangsett

Denne oppstartsmeldinga er en kunngjering av den formelle oppstarten av verneprosessen med utviding av Jotunheimen nasjonalpark. Etter § 44 i naturmangfoldlova (tiltak ved igangsatt saksbehandling) kan eit forvaltningsorgan utan vidare avslå ein søknad om tillatelse mv, til et tiltak i planområdet når oppstart av verneprosessen er kunngjort. Tillatelsen kan bare gis om tiltaket er utan nevneverdig betydning for verneverdiene i området.

Innspel og kontaktpersonar

Innspel til oppstartsmeldinga sendes Statsforvalteren innan 1. september 2025.

Innspel som gjeld areala foreslått til vern i Luster og Årdal kan sendast til

sfvlpost@statsforvalteren.no

eller pr post til

*Statsforvaltaren i Vestland
Statens hus, Njøsavegen 2,
6863 Leikanger*

Innspel som gjeld areala i Øystre Slidre og Vågå kan sendast til

sfinpost@statsforvalteren.no

eller pr post til:

*Statsforvalteren i Innlandet
Postboks 987
2604 Lillehammer*

For spørsmål, ta kontakt med seniorrådgiver Halvor Røssum (SF Vestland) på telefon 57643144, e-post halvor.rossum@statsforvalteren.no eller Harald Klæbo (SF Innlandet) på telefon 61 26 60 56, e-post harald.klabo@statsforvalteren.no.

Oppstartsmeldinga er sendt til berørte kommunar, organisasjoner, andre aktuelle høyringspartar, kunngjort i lokalaviser og på våre heimesider. Videresend gjerne informasjonen dersom du ser at det manglar organisasjoner, etatar eller andre interessenter i adresselista.

Med hilsen

Victoria Marie Kristiansen (e.f.)
avdelingsdirektør

Harald Klæbo
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

MILJØDIREKTORATET
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET
MATTILSYNET
GLOMMEN MJØSEN SKOG SA

Mottakerliste:

VÅGÅ KOMMUNE
ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE
VANG KOMMUNE
LOM KOMMUNE
INNLANDET FYLKESKOMMUNE
ØYSTRE SLIDRE BONDELAG
ØYSTRE SLIDRE BONDE OG SMÅBRUKARLAG
VÅGÅ TAMREIN AS
FRAM REINLAG DA
SKAGET BITIHORN BEITELAG
ØYSTRE SLIDRE FJELLSTYRE
BEITOSTØLEN UTVIKLING SA
BEITOSTØLEN LØYPEFORENING
VISIT VALDRES AS
DNT VALDRES
STATSFORVALTEREN I INNLANDET JOTUNHEIMEN UTLADALEN N.PARK LOM
STATENS VEGVESEN
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION ØST
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD
EIDSIVA ENERGI AS
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV INNLANDET
NATURVERNFORBUNDET I INNLANDET
BIRDLIFE NORGE AVDELING OPPLAND
LOM TAMREIN AS
Hanne Rugsveen Sveen
Hans Petter Vaberg
Anne Kristine P Solbakken
VÅGÅ AVLØYSARLAG SA AVD LOM
Thor Ekre
VÅGÅ FJELLSTYRE
LANGMORKJE ALMENNING
STATSKOG SF
DNT OSLO OG OMEGN
Anders Bersu
VÅGÅ SAU OG GEIT
Helge Sandbu
VÅGÅ BONDE- OG SMÅBRUKARLAG
Nelly B K Einstulen
VÅGÅFJELL TURLØYPER SA



VISIT JOTUNHEIMEN AS
NASJONALPARKRIKET REISELIV AS
HINDSÆTER AS
AS BESSHEIM FJELLSTUE
GJENDESHEIM AS
Pål Ragnar Austrem
Svein Tore Sveen
Pål Tosten Håkenstad
Kåre Gunnar Fjøsne
Are Garmo